


## DYRKOLBOTN FJELLSTOVE Leirskole og gjestehus

Telefon 90680100  
Adresse: Dyrkolbotn 119  
5994 VIKANES  
Orgnr: 985 868 344 mva

Lindås kommune

Adresse: [Postmottak@lindas.kommune.no](mailto:Postmottak@lindas.kommune.no)



### TILSVAR TIL NABOKLAGE Byggesak 15/3856

Den 21.09.2016 gjorde Lindås kommune vedtak om å innvilge rammeløyve, utsleppsløyve og løyve til delvis igangsetjing av arbeid med personalbustad med næringsdel for Dyrkolbotn Fjellstove. Nabo Jorunn Dyrkolbotn v/advokat Trond Lexau har i brev av 03.10.2016 klagt på vedtaka.

#### Tilsvaret til klagen:

Dei fleste av anførselene i klagen er irrelevante, avdi dei gjeld tolkning av ein privat rett til kloakkanlegg. Anførselene kan ikkje føre fram, avdi plan og bygningslova (Pbl) § 21-6 bestemmer at «bygningmyndighetene ikke (skal) ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader». Det er berre Pbl med tilhøyrande vurderingstema kommunen skal ta stilling til, med mindre det er «åpenbart» at søkjar manglar privat rett.

Dette kriteriet om «åpenbart» manglande rett vart grundig drøfta og teke stilling til i fylkesmannen sitt vedtak av 22.07.2016. Fylkesmannen kom til at det ikkje er «åpenbart» at vi manglar rett til kloakkanlegg, men tvert i mot. Kommunen la same vurdering til grunn for sine vedtak datert 21.09.2016. Eg viser til desse vurderingane som eg meiner er korrekte.

Det er forøvrig ille at klagaren tillet seg å gjengje ordlyden i vår rett til kloakkanlegg feil i klagen: ordet «bør» er byta ut med ordet «skal». Ordet «skal» er absolutt, medan ordet «bør» er normativt, og er å forstå som «helst» eller «så langt som råd». Eg legg ved skyldskiftet på gnr 247 bnr 11 tinglyst 18.02.1974. Vår rett til kloakkanlegg lyder slik:

*pkt 5: Br.nr 10 har rett til å leggja lovlege installasjonar for vatn og kloakk på eller gjennom parsellen. Desse bør i tilfelle ikkje vera til ulempe for parselleigaren.*

Kloakkanlegget er planlagt slik at det skal vere til minst mogleg ulempe for annan bruk av parsellen, og er plassert på lågaste kote av det arealet som er disponert til kloakkføremål i kommuneplanen sin arealdel. Anlegget skal byggast i søraustlege hjørne av dette arealet. Det får då same høgdekote som om lag midt på den austlege grenselina, og kjem ikkje øvst på tomta som anført i klagen. Det gjev eit galt inntrykk, og det er berre delvis sant, når klagaren skriv at «På oppsiden av tomten ligger den kommunale veien». Det korrekte er at både kommunevegen og den austlege grenselina har ei god stigning langs med renesanlegget.

Bemerk at underteikna meiner at det er eg som eig parsellen bnr 11, og skal bruke den i framtida. Eg ynskjer sjølvstykke å øydeleggja for vår eiga moglege framtidige bruk av parsellen! Kloakkanlegget kan teknisk sett nyttast av eventuelle framtidige bygg på parsellen slik det er planlagt og godkjent pr i dag. Det er teke omsyn til aktuelle alternative bruksmåtar i framtida.

Når parsellen er på om lag 3 da (kommuneveg med sideareal frårekna), så er det god plass til både eit eventuelt framtidig bustadhus og fleire bygg i tillegg, utan at det treng oppstå konflikt med reinseanlegget. Forøvrig må det leggest til grunn i byggesaka at gnr 247 bnr 11 ikkje er disponert til bustadføremål i gjeldande kommuneplan sin arealdel.

### Ugyldig kommuneplan?

Antydar klagaren sin advokat at kommuneplanen sin arealdel kan vere ugyldig for såvidt gjeld gnr 247 bnr 11? Jamfør anførselen om at «En eiendom som er direkte berørt skulle vært varslet overfor mine parter»? Til det er å svare at all eigedom i kommunen er direkte berørt gjennom arealdelen, ved at alt areal har fått eit føremål. Kommuneplanarbeidet vart førehandsvarsla, det vart halde folkemøte, og det vart invitert til innspel frå innbyggjarane. Jorunn Dyrkolbotn kunne bedt om disponering til bustadføremål på gnr 247 bnr 11, dersom ho den gong meinte at ho eigde parsellen og ville at det skulle byggast hus der. Underteikna sende inn Fjellstova sine utbyggingsplanar, og eg ba herunder om disponering til kloakkreinseanlegg på gnr 247 bnr 11, som eg meiner at eg eig. Fjellstova sine utbyggingsplanar vart innarbeidde i arealdelen på fleire stader, og alt saman låg ute til offentleg høyring frå 07.01.2011 til 04.03.2011, slik det skal gjerast etter Pbl § 11-14. Eg kan ikkje sjå at det er gjort feil i kommunen si handsaming av arealdelen for Dyrkolbotn.

Om klagaren faktisk ikkje fekk med seg kva som skjedde under arealplanlegginga, så er det i alle høve hennar eige ansvar. Det krevst ikkje at kommunen varslar separat til berørte eigarar. Eg vil elles opplyse om at ho vart orientert direkte frå meg om at Fjellstova hadde utbyggingsplanar, og at gnr 247 bnr 11 var aktuell for kloakkanlegg, allereide i mitt brev datert 21.04.2008. Eit krav om å gjenoppta planarbeidet på grunn av manglande varsling vil eg etter dette oppfatte som useriøst.

### Førebels konklusjon

Det som er skrive til no, er nok til å slå fast at klagen ikkje kan føre fram etter ei juridisk vurdering. Eg vil likevel svare også på nokre urette og irrelevante anførsler i klagen, som gjev et galt bilete av kva som er «rett og rimeleg» i denne byggesaka. Dette for å forsvare mitt rykte. Men også avdi vi tidlegare har erfart at dei kommunale sakshandsamarane siterte og la vekt på tilsvarande anførsler.

### Reelle omsyn

Denne byggesaka øydelegg ikkje noko for Jorunn Dyrkolbotn. Ho har difor ikkje aktverdige grunn til å klage på vårt byggeløyve. Denne klagen og tidlegare protestar er reint skadeverk. Gnr 247 bnr 11 har ingen økonomisk eller praktisk verdi for klagaren fordi: For det fyrste eig ho ikkje gnr 247 bnr 11 lenger no, parsellen gjekk attende til hovudbruket for 36 år sidan, etter bestemmelse i hennar eige skøyte. Ho sit berre med ein grunnboksheimel, det vil sei ei registrering i tinglysingsregisteret, som ho no misbrukar.

For det andre har tomta ikkje økonomisk verdi fordi den er behefta med byggeforbod. Så det stemmer neppe at klagar har konkrete byggeplanar der.

Parsellen bnr 11 vart utskilt frå leirskuletomta i 1974, og har stor strategisk betydning for leirskulen/fjellstova. Det er sjølvstykke grunnen til at parsellen er så tungt behefta. Alle syskena til

Jostein, eigarane av leirskulen, og dei av ektefellene som hadde/skulle ha ervervsvirke på leirskulen, skreiv under på gåve-skøytet til ekteparet Jorunn og Jostein Dyrkolbotn. (Markedspris 3000, oppgjort som gåve). Dessutan skreiv mor deira og mange fleire under som vitne. At dette skøytet til Jorunn og Jostein skulle vere noko slags kriminelt lureri i regi av eldstebroren Otto (min far), slik klagaren tidlegare har anført, er difor sjølvsagt det reine nonsens.

Jorunn og Jostein Dyrkolbotn fekk denne såkalla «Vaktmeistartomta» avdi Jostein var tiltenkt stillinga som vaktmeister på leirskulen, og Jorunn allereide jobba der.

For ordens skuld legg eg ved skøytet til Jostein og Jorunn, men tinglyst 18.02.1974 kun til Jorunn. Eg siterer heftelsene i skøytet:

*Til eiendomen hører rettigheter og plikter som fastsatt i skyldskifte 7. januar 1974.*

*Dessuten skal gjelde:*

- 1. På eiendommen skal reises enebolig for Jostein og Jorunn Dyrkolbotn. Dersom denne boligen ikke er bygt innen 5 år regnet fra 1. januar 1974 går eiendommen tilbake til gnr 247 bnr 1 uten vederlag.*
- 2. Det kan ikke reises noen annen form for bolig eller installasjon på eiendommen enn enebolig for Jorunn og Jostein Dyrkolbotn uten etter tillatelse fra gnr 247 bnr 1.*
- 3. Ved eventuelt salg av eiendommen eller del derav med påstående hus og installasjoner til andre enn slektninger i rett opp eller nedstigende linje skal gnr 247 bnr 1 ha forkjøpsrett til pris fastsatt ved offentlig takst.*  
*Det samme gjelder ved salg av hus eller installasjoner på eiendommen selv om ikke grunn medfølger.*

Gnr 247 bnr 11 vart ikkje bygt på innan 5 år, og parsellen er framleis ikkje bygt på.

Jorunn og Jostein Dyrkolbotn valde ein annan tomt, gnr 246 bnr 14, der dei bygde sin einebustad på slutten av 1970-talet.

Gnr 247 bnr 11 vart skøyta til eigaren av 247 bnr 1 omlag 1981. Men dette skøytet kunne ikkje tinglysast avdi det ikkje var brukt riktig skøyte-skjema. Skøytet har diverre seinare kome bort.

I 2008 fekk underteikna skøyte på gnr 247 bnr 11 frå eigaren av 247/1, avdi eg då eigde leirskulen/fjellstova, og avdi vi då arbeidde med konkrete planar om vidare utbygging av verksemda, herunder planar om kloakkanlegg på gnr 247 bnr 11.

Eg har til no ikkje lukkast i å få tinglyst skøytet mitt på gnr 247 bnr 11, avdi Jorunn Dyrkolbotn som tidlegare eigar ikkje vil medunderskrive som heimelshavar. Eg må då ha ein fastsetjingsdom for at eg er rette eigar, krev tinglysingsmyndigheita. Så saka var i forlikrådet i fjor, og stevning er no sendt til retten.

Når tilbakeføring i fylgje skøytet skulle skje til bnr 1 (garden) og ikkje direkte til bnr 10 (leirskulen), er det fordi leirskulen etter sin opphavelige plan skulle drivast som ei eining i lag med garden. Kanskje tenkte eigarane også litt på at dersom leirskulen skulle gå konkurs og banken skulle overta bnr 10, så ville ikkje banken automatisk dermed overta også bnr 11 gjennom tilbakefallsklausulen.

Det er forsåvidt irrelevant kor mykje anna areal eg disponerer, men eg vil likevel imøtegå påstanden om at «I realiteten disponerer tiltakshaver for øvrig over et ubegrenset areal, hvor kloakkeringen kunne vært hvor som helst» Det er ikkje sant. Eg eig under 100 da til saman, og fjellstova treng kvar m2 til sine føremål. ( I tillegg leigar vi litt strandareal til kanoplass, noko som vi betalar for.)

At eg/vi samarbeider godt med eigaren av garden og nyttar garden sitt areal til undervisning og andre føremål, det er ei anna sak. Dette samarbeidet inneber ikkje at eg/fjellstova kan velje å bygge kloakkanlegg på areal som tilhøyrrer garden. Kloakkanlegget er dessutan prosjektert på bnr 11 avdi eg meiner at dette er den beste staden med omsyn til avstandar, fall og terrengformasjon med meir. Dei same konkrete vurderingane har dei tidlegare leirskuleeigarane gjort før meg. Det er sjølvstogt grunnen til at bnr 11 vart behefta med ein klausul om kloakkanlegg for leirskulen alt i 1974.

Advokat Lexau påberopar i klagen at det må «... innfortolkes en rett for tomteeier til å anvisa hvor tiltaket skal plasseres». Til dette er å svare at klagaren vart invitert av ansvarleg sækjar Ryland Bygg til å uttale seg om plassering av anlegget i brev dateret 13.01.2016. Klagar avviste dette i svarbrev datert 05.02.2016. I det ho viste til avløpsrør og reinseanlegg svara ho då «Dette blir under ingen noverande omstendighet akseptert av underteikna!» Dette dømet illustrerer på nytt at hovudformålet til klagaren er å hindre fjellstova sine utbyggingstiltak, ikkje å verne om egne interesser.


No er det for seint å påberope seg i byggjesaka å få «anvise» plass for vårt kloakkanlegg på bnr 11. Og vi vil ikkje vente på ei eventuell rullering av kommuneplanen før vi set igang grunnarbeidet på byggjetomta.

Forøvrig: Eg er ikkje samd i at klagar ville hatt ein einssidig rett til å «anvise» plassering sjølv om ho framleis hadde vore grunneigar. Men å drøfte nøyaktig plassering på ein konstruktiv måte, er greit for meg Dersom kommuneplanen sin arealdel ein gong i nær framtid vert endra slik at arealet som er disponert til kloakkanlegg vert utvida sørover, så skal eg ikkje alt no utelukke å søke om at også vårt anlegg vert flytta nokre meter sørover på bnr 11, om klagaren vil det då. (Det vert relevant kva ho meiner dersom klagaren mot formodning skulle få medhald i rettsaka om eigarskap til bnr 11.)

Men ein mogleg framtidig endringsøknad har i alle høve ikkje noko med denne klagesaka å gjere. I klagesaka held vi fast ved den godkjente plasseringa som kloakkanlegget har pr i dag. Den er lovleg etter Pbl, og i samsvar med kommuneplanen sin arealdel. Vi har «ein slags» privatrettsleg rett til å plassere kloakkanlegg på bnr 11, og det er tilstrekkeleg til å stette kravet i Pbl. § 21-6. Til overmål kjem at kloakkanlegget vil gje minimalt med ulemper for eventuell framtidig bygging på gnr 247 bnr 11. Tvert imot vil anlegget vere eit gode for bnr 11 avdi eventuelle framtidige bygg kan knytast til anlegget også slik som anlegget er planlagt plassert pr i dag i samsvar med byggeløyvet.

Dyrkolbotn, 23.10.2016

Venleg helsing



Signhild Dyrkolbotn/s

Tiltakshavar

Vedlegg 1: Skyldskifte på gnr 247 bnr 11 tinglyst 18.02.1974

Vedlegg 2: Skøyte på gnr 247 bnr 11 tinglyst 18.02.1974

Vedlegga vert ettersendte til kommunen pr post.

247/II

00823 12.2.74  
NORDBERG  
SORENSKRIFTEMÅBETE

Vell. 1

# Skyldskifte

LENSLEDS JORDSTYRE  
10. JAN. 1974  
9

Her dag den 7. januar 1974 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Åstid og Dykkolbotu

gr.nr. 247 br. nr. 16 med skyld mark 0.02 i Lindås herad. Dykkolbotu Lasseholte vid: Geir Johnsen, Olav Mæhre, Hakon Johnsen, Søren Dykkolbotu har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.<sup>1)</sup>

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som<sup>2)</sup>

Med tenesta møtte Jakob Hellan, Arne A. Urdal, Jostein Vibe  
Av partane<sup>3)</sup> Otto Dykkolbotu og Jakob Dykkolbotu,  
Søren Gjøløy, Jostein Dykkolbotu og Arne Dykkolbotu  
Av grannane<sup>3)</sup> Hakon Dykkolbotu og Olav Dykkolbotu  
Til formann vart vald Jostein Vibe

Opplysningar om den/dei part/partar av eigedomen som er fråskild:

1. Vidde: Dyrka jord 0 dekar, naturleg eng og kulturbeite 0 dekar, produktiv skog 0 dekar, anna vidde 3.8 dekar — i alt 3.8 dekar.

2. Grensene<sup>4)</sup> til den/dei fråskilde part/partar: Utgangspunktet for grense linje er x i berg 3m. Overfor veggen til Botanikatret, i den søre skifte linje mellom br. nr. 10 og feller utmark for br. nr. 19. Vidare går linje 66.0 m mot vest til vedsett merkestene. Derifrå går linje nord aust 16.5 m til x i berg. Løyer så mot aust 43.5 m til x i berg, og går derifrå i rett linje, 71.7 m, austende til utgangspunktet.

1) Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)  
2) Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding ..... den ..... 19..... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.  
3) Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).  
4) Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva.  
Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskiyet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitut i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

Til parsellen høyrer desse rett og plikter:

1. Parselleigaren har rett til å ta vater og leggja avslutning på Br. nr. 10. Like viss har han rett til å leggja lovleg kloakkledning og rensesamband på seljaren sine eigedom.

Desse rettane er likevel avgrensa slik at seljaren kan påleggja parselleigaren tilknyting til felles vass- og kloakknett med Br. nr. 10. når dette kan gjeraast for ein kostnad for parselleigaren som ikkje er større enn det som er rimleg for same brestad.

2. Parsellen har rett til å bruke veggen som går frå riksvæg 14 og opp til Boteravateet. Parsellen tek del i vedlikehald og brøyting av veggen i samband med den bruk parselleigjer av veggen.

3. Det stykke av Lunde veggen går gjennom parsellen. S. nr. på kvar side høyrer veggen til ikkje parsellen.

4. Bot. inngraving av parsellen eller annan lovleg frøding av parsellen tek parselleigaren på seg.

5. Br. nr. 10 har rett til å leggja lovlege installasjonar for vater og kloakk på eller gjennom parsellen. Desse bør i tillegg til vera til nytte for parselleigaren

1. Gjeld delinga eigedom som vert nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk<sup>1)</sup> nei

2. Finn skylddelingsmennene det godt gjort at den parsellen som no vert fråskilt eigdomen skal nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon?<sup>2)</sup>

3. Kva rettar eller gode som høyrer eigdommen til kjem inn under delinga?<sup>3)</sup>

<sup>1)</sup> jfr. § 55 i lov av 18. mars 1955 om tilskipping av jordbruk (jordlova).

<sup>2)</sup> jfr. § 54 (jordlova).

<sup>3)</sup> jfr. § 55 (jordlova).

Me vitnar:

At det ikkje er skipa nye hopehav ved skiftet. Likevel har me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarka på denne måten: .....

Me har ikkje funne det tenleg å skifta meir enn som gjort er.<sup>1)</sup>

b) At kvart bruk har fått eit so lagleg skap for freding og drift som det er høve til. Skylda på den/dei fråskilde part/partar er sett til mark ..... 0.01

Hovudbruket har att ei skyld på mark ..... 0.02

Hovudbruket har att denne vidda: Dyrka jord ..... 0 ..... dekar, naturleg eng og kulturbeite ..... 0 ..... dekar, produktiv skog ..... 0 ..... dekar, anna vidda ..... 15.2 ..... dekar, i alt ..... 15.2 ..... dekar.

Den/dei fråskilde part/partar fekk bruksnamnet<sup>2)</sup> ..... Haugan

Kostnaden med skyldskiftet og tinglysinga ber: <sup>3)</sup> ..... kjøp areu.

Jostein Dyrkolbotn

Me gjorde partane kjende med at dei kunne anka skyldskiftet til overskjøn, dersom dei er misnøgde med den skylda som er sett eller med det markskilet som er fastslege. Krav om overskjøn må vera kome til sorenskrivaren seinast 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me har gjort tenesta vår etter beste skjøn og overtiding og i samsvar med skjønsmannsslovnaden.

Me har vedteke at ..... Otto Dyrkolbotn skal senda skyldskiftedokumenta til sorenskrivaren til tinglysing.

Jacob H. W. Me godtek denne skyldskiftet  
sann seljar: sanna kjøpar:  
Ampfinn Ardal Jostein Dyrkolbotn  
Jostein Dyrkolbotn  
Jostein Dyrkolbotn  
Jostein Dyrkolbotn  
Jostein Dyrkolbotn  
Jostein Dyrkolbotn

<sup>1)</sup> Stryk det som ikkje skal vera.  
<sup>2)</sup> Til bruksnamn må ein ikkje velja namn som alt er i bruk som slektsnamn, utan at det er ålment nytta, jfr. § 24 i lova om skyldskifte.  
<sup>3)</sup> Er det ikkje nemnt, eller har ikkje partane gjort avtale om kven som skal bera kostnaden ved skyldskifte, skal skyldskiftemennene avgjera det.

00824 12.2.74  
SORENSEN  
Til innhefting i panteboka.

Stempelnummer kr. 30,-

### Skjøte.

Undertegnede Otto Dyrkolbotn f. 290240, Jostein Dyrkolbotn f. 110642, Ole Martin Dyrkolbotn f. 220445, Håkon Dyrkolbotn f. 060447, Jakob Dyrkolbotn f. 090949, Inge Dyrkolbotn f. 170753, og Siri Karin Kvamme f. 010441 født

(Datum og årstall)

skjøter og overdrar herved til Jostein Dyrkolbotn f. 110642 og Jorunn Dyrkolbotn f. 110643  
adr. 5174 Romarheim født

(Datum og årstall)

min/vår eiendom Haugan

g.nr. 247 br.nr.            av skyld mk. 0,01 i Lindås herred<sup>1)</sup>

matr.nr.            i           

for en kjøpesum ~~størter~~ 3000,-

som er avgjort på omforenet måte. Gave

Til eiendommen hører rettigheter og plikter som fastsatt i skyldskifte 7. januar 1974.

Dessuten skal gjelde:

1. På eiendommen skal reises enebolig til bruk for Jostein og Jorunn Dyrkolbotn. Dersom denne boligen ikke er bygt innen 5 år regnet fra 1. jan. 1974 går eiendommen tilbake til gnr. 247 brnr 1. uten vederlag.

2. Det kan ikke reises noen annen form for bolig eller installasjon på eiendommen enn enebolig for Jorunn og Jostein Dyrkolbotn uten etter tillatelse fra gnr. 247, brnr. 1.

3. Ved eventuelt salg av eiendommen eller

NB. Skjøte eller kjøpekontrakt må være påført stempel innen 1 måned etter kontraktens opprettelse. I motsatt fall blir dobbel stempelavgift å betale.





Går til ..... Lindås ..... jordstyre

Fråsegn frå jordstyret:

Lindås jordstyre har i møte den 18. september d.å. rådd  
til frådelling av parsellen frå gnr. 247. bnr. 10,  
Dyrkolbotn i Lindås, og fylkeslandbruksstyret har i møte  
den 20/11 s.å. gjeve sitt samtykke til frådellinga.

Isdalstø, den 10/1 1974.

Lindås jordstyre  
*Waldemar Holm*  
sekretær

formann

Går til ..... landbruksselskap

Fråsegn frå fylkeslandbruksstyret:

.....  
.....  
.....  
.....

....., den ..... 19.....

formann

fylkeslandbrukssjef

Godteke til tinglysing ..... 19 .....

Tinglyst .....

Den/dei fråskilde part/partar har fått gr.nr. .... br.nr. ....

For tinglysing kr. ....

Jeg samtykker i etterskjøtningen  
Romarheing 16. febr. 1974  
Edel Dykkolbotn  
Olav Martin Dykkolbotn og  
skrevet ekte skjøtt i vårt nærvær. Begge er over 20 år  
Ektefellen har undertegnet i vårt/mitt nærvær og er over 20 år.  
65 år aelt. 5774 Romarheim

Jeg samtykker i etterskjøtningen  
Romarheing 16. febr. 1974  
Nils Kramme  
Asbjørn Kramme og Mils Kramme har undertegnet ekte skjøtt  
vårt nærvær. Begge er over 20 år.  
61 år aelt. 5774 Romarheim

Jeg samtykker i etterskjøtningen  
Romarheing 16. febr. 1974  
Nils Kramme  
Asbjørn Kramme og Mils Kramme har undertegnet ekte skjøtt  
vårt nærvær. Begge er over 20 år.  
61 år aelt. 5774 Romarheim

del derav med påstående leus og installa-  
sjoner til andre enn eierens stektninger,  
ett opp eller nedstigende linje skal gnr.  
247 brnr. 1 ha forlysjerrett til pris fastsatt  
ved offentlig aukst.

Det samme gjelder ved salg av hus eller installa-  
sjoner på eiendommen selv om grunn ikke medfølger.

Romarheing 16. febr. - 74

Olav Martin Dykkolbotn

Andenes 12. jan - 74

Inge Dykkolbotn

utskriften har undertegnet i vårt nærvær og er  
over 20 år. L. Ole Gunnar Turesund 21 år

Gunnar Alvsund 21 år  
Andenes

den 16. febr. 1974  
Jakob Dykkolbotn  
Håkon Johann Dykkolbotn  
(Ustedefens underskrift)

Ustederen har undertegnet i vårt/mitt nærvær og er over 20 år.  
Håkon Dykkolbotn og Jakob Dykkolbotn har undertegnet i  
vårt nærvær. Begge er over 20 år Gudrun Ervik 62 år  
aelt. 5083

Torstein Mætrus 26 år  
5798 Matredal

Nils Kramme  
36 år aelt. 5774 Romarheim

Attesten undertegnes enten av to vitterlighetsvitner eller av en norsk notarius, lensmann, autorisert lens-  
mannsfullmektig, namsmann, namsmannsfullmektig godtatt av namsretten, forliksmann, advokat, autorisert  
advokatfullmektig eller autorisert eiendomsmeidler.)

(Til underskrift av den annen ektefelle, for så vidt eiendommen tilhører felleseiet og tjener til fellesbolig  
eller den annens eller begge ektefellers ervervsvirke er knyttet til eiendommen; jfr. lov om ektefellers formues-  
forhold av 20. mai 1927 nr. 1, § 14.)

Jeg samtykker i skjøtningen

den .....

(Ektefellens underskrift)

Ektefellen har undertegnet i vårt/mitt nærvær og er over 20 år.

(Attesten undertegnes enten av to vitterlighetsvitner eller av en norsk notarius, lensmann, autorisert lens-  
mannsfullmektig, namsmann, namsmannsfullmektig godtatt av namsretten, forliksmann, advokat, autorisert  
advokatfullmektig eller autorisert eiendomsmeidler.)  
Bergem 20. jan - 74  
Edel Dykkolbotn  
over 20 år





Bergen 20. Jan - 24

Wettkjøperen

Otto Dykkelohm har undertrykt i vest netter og er over 3000 dykker dykker  
f. 1509 45  
Bergs aelt. Hus 48. Gault f. 1509 45  
Rovantikken 16. Apr. - 24  
Havens Krammer  
Eim. Bank. Dykkeren

Jeg sønnyklar i drue sløpingen  
Rovantikken 16. Apr. - 24

Wils. Nærmme  
Eim. Dykkeren

366 aelt. 5174 Rovantikken  
1st karm kvanten og  
Nils kvanten har  
i vest netter. Bergs er over 2000  
aelt. 5174 Rovantikken  
f. 2201 321  
Rov. Kjøperen  
aelt. 5174 Rovantikken  
f. 1405 01  
Eim. Dykkeren

Ellen Mathin Dykkelohm og Edal Netten Dykkelohm har  
undertrykt dette dokument i vest netter. Bergs er over 2000  
5174 aelt. 5174 Rovantikken  
Eim. Dykkeren

5174 aelt. 5174 Rovantikken  
Eim. Dykkeren